



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Rådhus Valldal
Dato: 18.06.2026
Tid: Kl. 17:00 - 20:10

Medlemmer:	Parti
Jens Einar Aklestad	AP
Nina Hauglid	AP
Espen Heitmann	Frp
Kjell Magne Moe	Frp
Claus Hoff	H
Ester Reidun Vinje Nilsen	H
Jan Are Remme	H
Jan Erik Vad	H
Johan Arnt Overøye	H
Robert Bergerud	H
Anders Jørgen Gjerde	Sp
Annette Langdal	Sp
Britt-Ingunn Tafjord Walle	Sp
Lars Kristian Øvrebust	Sp
Marius Høihjelle	Sp
Terese Jemtegård Moen	Sp

Forfall:	Parti
Håkon Myklebust	Sp
Dagrun Agnes Vikesland	SV
Vemund Waldal	SV

Vara:	Parti
Per Ivar Skodjereite	Sp
Elin Tafjord Skoge	SV
Nils Johan Myren Døving	SV

Inhabile	Sak	Varamedlem	Merknad
Anders Jørgen Gjerde	038/26	Hilde Rødset Øvrebust, Sp	Inhabil jf. Fvl. § 6 punkt a. og e. (underpunkt 2).
Ester Reidun Vinje Nilsen	038/26	Jan Ole Strand, H	Inhabil jf. Fvl. § 6 punkt b.

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Bjørn Inge Ruset

Økonomisjef Dag Olav Tenfjord

Kommunalsjef Teknisk Freddy Hanssen

Kommunalsjef Oppvekst og kultur Mariann Birkhol

Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd Sindre Sjøvik Erstad

Personalsjef Marius Moe

Sekretær Alexander Oudijk

Terese Jemtegård Moen
ordfører

Marius Høihjelle (Sp)

Ester Reidun Vinje Nilsen (H)

Alexander Oudijk
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
038/26	Val av styremedlem og styreleiar til Valldal Fjernvarme AS
039/26	Godkjenning av møtebok
040/26	Samarbeidsavtale PPT Stranda og Fjord
041/26	Årsmelding 2025 - Årsrapport 2025
042/26	Årsrekneskap 2025
043/26	Tertialrapport 30.04.26 - budsjettendringar
044/26	Finansrapport pr. 30.04.26
045/26	Fornyng av vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund
046/26	Fornyng av vertskommunesamarbeid og fullmakt til justering av avtalar - Krisesenter, legevakt, ØHD og overgrepsmottak
047/26	Revisjon av Barnevernsavtale 2027
048/26	Høyring - Levekårsplan
049/26	Klage på avslag på søknad om deling av eigedom gbnr 52/3 og 52/7
050/26	Fetegga pumpekraftverk
051/26	Skjenkeløyve 2026 - Sjøkanten kafe - fast løyve
052/26	Søknad om varig fritak frå folkevalde verv
053/26	Val av ny varaordførar ut kommunestyreperioden 2023-2027
054/26	Ny varaordførar - val av kandidat til roller i utval ut kommunestyreperioden 2023-2027
055/26	Suppleringsval av varamedlemmar frå Fjord SV til kommunestyret i inneverande periode
056/26	Suppleringsval til Viltutvalet for inneverande periode
057/26	Referatsaker
058/26	Innspel frå Fjord kommune - tiltak i investeringsprogram
059/26	Orienteringssaker

Marius Høihjelle (Sp) og Ester Reidun Vinje Nilsen (H) vart valde til å skrive under protokollen saman med ordføraren.

Merknader til innkalling:

15.06 vart det sendt ut retta versjon av innkallinga inkludert saker som skulle ettersendast:

Retting:

Sak vedr. Fornyng av vertskommunesamarbeid og fullmakt til justering av avtalar vart meldt opp 2 gongar. Korrekt sak er sak 046/26 - Fornyng av vertskommunesamarbeid og fullmakt til justering av avtalar - Krisesenter, legevakt, ØHD og overgrepsmottak.

Tilleggssaker:

Sak 058/26 – Innspel frå Fjord kommune – tiltak i investeringsprogram

Sak 059/26 – Orienteringssaker med desse underliggende orienteringssaker:

OS 013/26 - Fjerning av lovfestede kompetansekrav (uttale frå RFUN til kommunestyret)

OS 014/26 - Status politiske vedtak Kommunestyret 2025

Merknader til sakliste:

Ordføreren ba om å behandle sak 051/26 Skjenkeløyve 2026 – Sjøkanten kafe – fast løyve etter sak 038/26.

Espen Heitmann (Frp) ba om å flytte fram behandling av sak 053/26 og 054/26.

Jens Einar Aklestad (Ap) ba om også flytte fram behandling av sak 052/26.

Samrøystes vedteke om å behandle sakene 052/26, 053/26 og 054/26 etter sak 038/26 og 051/26.

Til dagsorden:

Espen (Frp) ba om lovlegheitskontroll av sak 053/26 og 054/26.

Kommunedirketøren svarte ut følgjande:

I Kommunelova § 27 – 1 Lovlighetskontroll står det:

‘Tre eller flere medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget kan sammen kreve at departementet kontrollerer om et vedtak er lovlig. Et slikt krav må fremmes innen tre uker fra vedtaket ble truffet. Fristreglene i forvaltningsloven § 30 gjelder. Kravet skal settes fram for det organet som traff vedtaket. Hvis organet opprettholder vedtaket, skal saken sendes til departementet. Hvis særlige grunner tilsier det, kan departementet på eget initiativ kontrollere om et vedtak er lovlig.’

Orienteringar frå ordføreren:

- **Anbudsprosess rehabilitering:** Ordførar har saman med fire andre ordførarar som er i vertskommunar for senter for tverrfagleg spesialisert rehabilitering i Møre og Romsdal og Trøndelag arbeidd med å få eit møte med styret i Helse Midt-Norge om anbudsprosessen og korleis dette verkar inn på kommunane, og vi har krevd at Helseforetaket må annullere anbudsprosessen og lyse ut på ny etter omforeinte kvalitetskriterier. Helse Midt-Norge har avslått å møte oss før anbudsprosessen er avgjort. Det kjem til å kome ei pressemelding frå dei fem ordførarane som seier at Helseforetaksmodellen har blitt eit demokratisk problem.
- **Gjennomføring av grensejustering Liabygda**
 - Folkemøte gjennomført på Trollstova i Liabygda 17.06. i fellesskap med ordførar og kommuneleiing i Stranda kommune. Godt oppmøte og god informasjon ut til innbyggjarane. Møtet vart avslutta med svar på spørsmål frå publikum.
 - I samband med nominasjonsprosessar fram til kommuneval 2027 oppmodar ordførar alle parti i Fjord kommune om å ta kontakt med sine søsterparti i Stranda kommune, og arbeide for å få innbyggjarane i Liabygda til å vere med å stille på lister.
- **Prosess moglegheitsstudie Eidsdal og Stordal.** Leverandør er bestemt, Pir 2. Det vert arbeidsverkstadmøter i Eidsdal og Stordal 31.august og 01. september. Meir informasjon om dette vert sendt ut så snart det er klart.
- **Kutt i prehospitale tenester i Helse Møre og Romsdal.** Styret i Helse Møre og Romsdal HF har vedteke kutt i prehospitale tenester tilsvarande det som låg i innstillinga. Det vil seie at det blir enreddar-bil i Geiranger utanom turistsesongen då det skal vere vanleg ambulanse, og ambulansestasjon i Ørskog og Haram vert samlokalisert på Stette. Eit samla ordførarkorps i Møre og Romsdal arbeider for å få eit møte med styret i Helse Møre og Romsdal. Ordførar ber alle kommunestyrerepresentantar om å vere med å samle konkrete innspel på pasienthistorier som vil belyse at desse innsparingane ikkje er forsvarlege å gjere.

- **Utsvar av spørsmål frå Frp sendt til alle k.styrerepresentantar på epost:**

I fjor ble disse spørsmålene stilt til Ordfører/Varaordfører, vi er nå inne i en ny turistsesong og jeg vil gjerne ha svar på hvordan det gikk med følgende :

1.

B-ferga på Eidsdal-Linge går fremdeles på diesel, stilte kommunen spørsmål til Fylket om utbytting av denne til en miljø/el-ferge på sambandet ? Det var jo ett vesentlig element spesielt for AP når det kom til ladehus i Eidsdal med tanke på miljø og ville jo være naturlig at kommunen fulgt opp dette som ett klimatiltak.

Svar frå ordførar:

I følgje samferdselssjefen i fylkeskommunen er situasjonen som følgjer:

I inneverande ferjedriftskontrakt ligg det ikkje inne at B-ferja skal elektrifiserast. Kontrakta går fram til 31.12.2033. Ved ny utlysing må fylkeskommunen v/FRAM ta høgd for "Forskrift om krav til nullutslipp av klimagasser ved offentlig anskaffelse av sjøtransport".

Her er hovudregelen krav til nullutslepp frå ferjedrift.

Med omsyn til beredskap vil følgjande gjelde:

"Det stilles ikke krav til at hjelpemotorer og andre reservesystemer skal bruke løsninger med nullutslipp av klimagasser i ordinær drift"

2.

Merking av oppstillingsplass til ferge i Eidsdal, det har fremdeles ikke blitt gjort noe med merking av oppstillingsplassen for reisende i Eidsdal, noe som skaper problemer og forvirring for de reisende, hva er status på fremdrift mot Fylke/Fjord1 ?

Svar frå ordførar:

I følgje byggjeleiar for vegdrift ved fylkesvegavdelinga er det ein utfordrande situasjon allereie når det gjeld mengde skilt for trafikkavvikling ved oppstillingsplassen og inn/utkøyring frå ferja. I samband med at moglegheitsstudie for Eidsdal sentrum startar opp vil det verte tatt initiativ til ei synfaring for å sjå kva tiltak som kan gjerast for å betre trafikkavvikling og trafiksikkerheit.

3.

Hva er status på fjerning av busker/vegetasjon mot fjorden på rasteplassen i Eidsdal ? Det er ett problem at enkelte reisende bruker disse som ett toalet.

Svar frå ordførar:

I følgje byggjeleiar for vegdrift ved fylkesvegavdelinga skal det vere bestilt oppdrag på fjerning av busker og vegetasjon på rasteplassen ved ferjekaia. Byggjeleiar vil følgje opp dette.

Orientering frå kommunedirektøren:

- Status politiske vedtak Kommunestyret 2025
- Cathrine Berli tilsett som ny einingsleiar Eidsdal og Valldal omsorgstenester

038/26: Val av styremedlem og styreleiar til Valldal Fjernvarme AS

Valnemnda si innstilling:

Som nytt styremedlem til Valldal Fjernvarme AS for perioden 2026 - 2028 vert vald:

Som styreleiar til Valldal Fjernvarme AS for eit år vert vald:

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Valnemnda si innstilling, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

Som nytt styremedlem til Valldal Fjernvarme AS for perioden 2026 - 2028 vert vald:

- Magne Hjelle

Som styreleiar til Valldal Fjernvarme AS for eit år vert vald:

- Leif Rune Vinje

Ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) tok opp habilitetsspørsmålet til følgjande representantar:

- Anders Jørgen Gjerde (Sp) – styremedlem og eigar i Valldal Grønt (deleigar av Valldal Fjernvarme AS) - jf. Fvl. § 6 punkt a. og e. (underpunkt 2).
- Ester Reidun Vinje Nilsen (H) - Leif Rune Vinje er styreleiar i Valldal Fjernvarme og faren hennes - jf. Fvl. § 6 punkt b.

Dei to representantane gjekk frå møte før behandling av habilitetsspørsmålet.

Det vart røysta over habilitetsspørsmålet (17 voterande til stades): Anders Jørgen Gjerde (Sp) og Ester Reidun Vinje Nilsen (H) vart kjent samrøystes inhabil.

Vararepresentantane Hilde Rødset Øvrebust (Sp) og Jan Ole Strand (H) tok sete i møte. 19 Voterande til stades.

Før behandling av saka starta informerte ordføraren om at kommunedirektøren er inhabil i saka jf. Fvl. § 6 punkt a. Dette fordi han har aksjar i Valldal Grønt som er deleigar i Valldal Fjernvarme AS. Kommunedirektøren gjekk frå møte, og assisterande kommunedirektør Marius A. Moe tok sete i staden for ham.

Ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) la fram Valnemnda si innstilling.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Valnemnda si innstilling**

Terese Jemtegård Moen (Sp)

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 038/26 Vedtak:

Som nytt styremedlem til Valldal Fjernvarme AS for perioden 2026 - 2028 vert vald:

- Magne Hjelle

Som styreleiar til Valldal Fjernvarme AS for eit år vert vald:

- Leif Rune Vinje

039/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 039/26 Vedtak:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

040/26: Samarbeidsavtale PPT Stranda og Fjord

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Fjord kommune godkjenner vedlagt samarbeidsavtale om pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) med Stranda kommune.
2. Avtalen gjeld frå 01.01.27

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026 - 047/26

Innstilling til kommunestyret:

1. Fjord kommune godkjenner vedlagt samarbeidsavtale om pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) med Stranda kommune.
2. Avtalen gjeld frå 01.01.27

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 047/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

1. Fjord kommune godkjenner vedlagt samarbeidsavtale om pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) med Stranda kommune.
2. Avtalen gjeld frå 01.01.27

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 04.06.2026**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 040/26 Vedtak:

1. Fjord kommune godkjenner vedlagt samarbeidsavtale om pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) med Stranda kommune.
2. Avtalen gjeld frå 01.01.27

041/26: Årsmelding 2025 - Årsrapport 2025

Kommunedirektøren si innstilling:

Årsmelding 2025 - Årsrapport 2025 for Fjord kommune vert godkjent

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026 - 048/26

Innstilling til kommunestyret:

Årsmelding 2025 - Årsrapport 2025 for Fjord kommune vert godkjent

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Ordføreren Terese Jemtegård Moen (Sp) hadde følgjande kommentarar til Del B – Årsrapport 2025:

- Feil benevning på råd i politisk organisering – råd for personar med funksjonsnedsetting
- Feil i medlem kontrollutval – ny vara inn for Per Einar Linge-Johansen
- Feil benevning – ikkje partssamansett utval med administrasjonsutval

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 048/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Årsmelding 2025 - Årsrapport 2025 for Fjord kommune vert godkjent

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 04.06.2026**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 041/26 Vedtak:

Årsmelding 2025 - Årsrapport 2025 for Fjord kommune vert godkjent

042/26: Årsrekneskap 2025

Kommunedirektøren si innstilling:

Årsrekneskap 2025 for Fjord kommune vert godkjent.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026 - 049/26

Innstilling til kommunestyret:

Årsrekneskap 2025 for Fjord kommune vert godkjent.

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 049/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Årsrekneskap 2025 for Fjord kommune vert godkjent.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 04.06.2026**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 042/26 Vedtak:

Årsrekneskap 2025 for Fjord kommune vert godkjent.

043/26: Tertialrapport 30.04.26 - budsjettendringar

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Tertialrekneskap 30.04.26 vert teke til vitande
2. Endringar i driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med kap 5 "Budsjettendringar" i Tertialrekneskap 30.04.26

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026 - 050/26

Innstilling til kommunestyret:

1. Tertialrekneskap 30.04.26 vert teke til vitande
2. Endringar i driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med kap 5 "Budsjettendringar" i Tertialrekneskap 30.04.26

Formannskapet 04.06.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 050/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

1. Tertialrekneskap 30.04.26 vert teke til vitande
2. Endringar i driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med kap 5 "Budsjettendringar" i Tertialrekneskap 30.04.26

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Kommunedirektøren gav ei kort orientering om tertialrapporten.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 04.06.2026**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 043/26 Vedtak:

1. Tertialrekneskap 30.04.26 vert teke til vitande
2. Endringar i driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med kap 5 "Budsjettendringar" i Tertialrekneskap 30.04.26

044/26: Finansrapport pr. 30.04.26**Kommunedirektøren si innstilling:**

Finansrapport for 1. tertial 2026 vert godkjent

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026 - 051/26

Innstilling til kommunestyret:

Finansrapport for 1. tertial 2026 vert godkjent

Formannskapet 04.06.2026:**Behandling:****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 051/26 Vedtak:**Innstilling til kommunestyret:**

Finansrapport for 1. tertial 2026 vert godkjent

Kommunestyret 18.06.2026:**Behandling:****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 04.06.2026**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 044/26 Vedtak:

Finansrapport for 1. tertial 2026 vert godkjent.

045/26: Fornyng av vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund

Kommunedirektøren si innstilling:

Innlemminga av Liabygda i Fjord kommune krev ei oppdatering og vidareutvikling av eksisterande vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund. Gjennom å gje administrasjonen fullmakt til å justere avtalen, legg kommunestyret til rette for eit koordinert, framtidsretta og likeverdig tenestetilbod i heile kommunen.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026 - 053/26

Innstilling til kommunestyret:

Innlemminga av Liabygda i Fjord kommune krev ei oppdatering og vidareutvikling av eksisterande vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund. Gjennom å gje administrasjonen fullmakt til å justere avtalen, legg kommunestyret til rette for eit koordinert, framtidsretta og likeverdig tenestetilbod i heile kommunen.

Formannskapet 04.06.2026:**Behandling:****Votering nr 1** - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 053/26 Vedtak:**Innstilling til kommunestyret:**

Innlemminga av Liabygda i Fjord kommune krev ei oppdatering og vidareutvikling av eksisterande vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund. Gjennom å gje administrasjonen fullmakt til å justere avtalen, legg kommunestyret til rette for eit koordinert, framtidsretta og likeverdig tenestetilbod i heile kommunen.

Kommunestyret 18.06.2026:**Behandling:****Votering nr 1** - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 04.06.2026**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 045/26 Vedtak:

Innlemminga av Liabygda i Fjord kommune krev ei oppdatering og vidareutvikling av eksisterande vertskommunesamarbeid med NAV Ålesund. Gjennom å gje administrasjonen fullmakt til å justere avtalen, legg kommunestyret til rette for eit koordinert, framtidsretta og likeverdig tenestetilbod i heile kommunen.

046/26: Fornyng av vertskommunesamarbeid og fullmakt til justering av avtalar - Krisesenter, legevakt, ØHD og overgrepsmottak

Kommunedirektøren si innstilling:

Innlemminga av Liabygda i Fjord kommune medfører behov for ei samla gjennomgang og fornying av vertskommunesamarbeid innan legevakt, ØHD, overgrepsmottak og krisesenter.

Ved å gje administrasjonen fullmakt til å justere avtalane, legg kommunestyret til rette for eit koordinert, forsvarleg og likeverdig tenestetilbod til alle innbyggjarane i Fjord kommune.

Kommunestyret 18.06.2026:**Behandling:****Votering nr 1** - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 046/26 Vedtak:

Innlemminga av Liabygda i Fjord kommune medfører behov for ei samla gjennomgang og fornying av vertskommunesamarbeid innan legevakt, ØHD, overgrepsmottak og krisesenter.

Ved å gje administrasjonen fullmakt til å justere avtalane, legg kommunestyret til rette for eit koordinert, forsvarleg og likeverdig tenestetilbod til alle innbyggjarane i Fjord kommune.

047/26: Revisjon av Barnevernsavtale 2027**Kommunedirektøren si innstilling:**

Endringane sikrar ein oppdatert avtale som speglar dagens organisering i vertskommunen og justerer tidsfristar for budsjettarbeidet ut i frå erfaringar som er gjort fram til no i avtaleperiode.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 04.06.2026 - 055/26

Innstilling til kommunestyret:

Endringane sikrar ein oppdatert avtale som speglar dagens organisering i vertskommunen og justerer tidsfristar for budsjettarbeidet ut i frå erfaringar som er gjort fram til no i avtaleperiode.

Formannskapet 04.06.2026:**Behandling:****Votering nr 1** - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 055/26 Vedtak:**Innstilling til kommunestyret:**

Endringane sikrar ein oppdatert avtale som speglar dagens organisering i vertskommunen og justerer tidsfristar for budsjettarbeidet ut i frå erfaringar som er gjort fram til no i avtaleperiode.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 04.06.2026**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 047/26 Vedtak:

Endringane sikrar ein oppdatert avtale som speglar dagens organisering i vertskommunen og justerer tidsfristar for budsjettarbeidet ut i frå erfaringar som er gjort fram til no i avtaleperiode.

048/26: Høyring - Levekårsplan

Kommunedirektøren si innstilling:

Utkast til Levekårsplan vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) orienterte om at det er planlagt folkemøte i Eidsdal 1. september med gjennomgang av planen. Høyringsfrist vert sett til 15. september 2026.

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 048/26 Vedtak:

Utkast til Levekårsplan vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.

049/26: Klage på avslag på søknad om deling av eigedom gbnr 52/3 og 52/7

Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av jordlova § 12, tillèt kommunen deling av 52/3 frå landbrukseigedom 52/7,3, med vilkår:

- Grunneigedom 52/3 skal leggjast til 49/13 som ein del av ein landbrukseigedom.
- og føresetnader:
- at eigar av 49/13 får konsesjon til erverv.
 - at deling ikkje bryt med privatrettslege hensyn, herunder for fellesarealet som høyrer til bruka som inngår i sakshandsaminga.
 - at delinga vert effektivert innan 3 år.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Sak 049/26 Framlegg til vedtak, foreslått av Lars Kristian Øvrebust, Senterpartiet

Kommunestyret opprettheld formannskapet sitt vedtak om avslag:

I medhald av jordlova § 12 avslår kommunen søknad om deling av landbrukseigedom 52/7,3

Grunngjeving: Ei frådeling vil svekke verdien av hovedbruket. Småbruk

bør ikkje delast men seljast i si heilheit. Lempelig handsaming i slike saker vil på sikt kunna føra til landbruksmessige og samfunnsmessige ulemper samla sett. Utifrå ei samla vurdering blir difor søknaden avslått.

Om avslag vert oppretthalde, vert saka send til Statsforvaltaren for klagesakshandsaming.

Saka vart drøfta.

Lars Kristian Øvrebust (Sp) fremma nytt framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren si innstilling vart sett opp mot nytt forslag til vedtak frå Fjord Sp v/ Lars Kristian Øvrebust.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 8 stemmer (42%) - Frp 2, H 6

Nytt forslag - Sak 049/26 Framlegg til vedtak: 11 stemmer (58%) - AP 2, Sp 7, SV 2

Lars Kristian Øvrebust (Sp)

KS- 049/26 Vedtak:

Kommunestyret opprettheld formannskapet sitt vedtak om avslag:

I medhald av jordlova § 12 avslår kommunen søknad om deling av landbrukseigedom 52/7,3

Grunngjeving: Ei frådeling vil svekke verdien av hovedbruket. Småbruk bør ikkje delast men seljast i si heilheit. Lempelig handsaming i slike saker vil på sikt kunna føra til landbruksmessige og samfunnsmessige ulemper samla sett. Utifrå ei samla vurdering blir difor søknaden avslått.

Om avslag vert oppretthalde, vert saka send til Statsforvaltaren for klagesakshandsaming.

050/26: Fetegga pumpekraftverk

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune stiller seg positiv til prosjektet etter ei samla vurdering.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Nytt forslag høyringsuttale, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

Høyringsinnspel – Fjord – Fetegga pumpestasjon – Tafjordvassdraget – Tafjord Kraftproduksjon AS

Med heimel i § 49 i naturmangfaldlova vil Fjord kommune kome med følgjande innspel til søknad om Fetegga pumpestasjon som ligg i Reinheimen – Breheimen villreinområde.

Fjord kommune er positiv til vasskraftutbygging, men vi har samstundes eit arealplanansvar for viktige naturverdiar, herunder villreinen. I området som vert påverka har det over lang tid vore kraftanlegg. Tiltaket er samfunnsnyttig gjennom auka kraftproduksjon og flytting av kraftproduksjon

til vintersesongen. Vasskrafta er ei evigvarande energikjelde med særst lågt karbonfotavtrykk. Prosjektet vil og gje auka inntekter til kommunen.

Omsyn til villrein

Fjord kommune ber NVE vurdere om opplysningane i søknaden med vedlegg frå Tafjord Kraft AS er tilstrekkelege når det gjeld påverknad på villrein. Villrein har ein svært godt utvikla luktesans og kan oppdage menneske og forstyrningar på fleire kilometers avstand, ofte opptil 2–3 km under gunstige vêr- og vindforhold. Anlegget ligg, jf. Naturbase, i område definert som sommar- og haustbeite for villrein, og berre om lag 1 km sør for planlagt anlegg går grensa for kalvingsområde.

I søknaden til Tafjord Kraft står det at Villreinstammen i Reinheimen er robust, har aner tilbake til tamreindrift som vart avvikla på -60 talet og kan opptre ganske nær folk, og så vises det til eit bilete av reinsbukkar på leiting etter friskt vårbeite ved kraftstasjon Tafjord 7, under bygging, i juni 2007. I fylgje sekretær for Reinheimen – Breheimen villreinutval og Statens naturoppsyn i Reinheimen, er villreinen i dag ein god del meir sky enn den var i 2007. Det er dessutan ein kjent sak at bukkane (særleg om våren) kan oppfattast som mindre sky og skvetne enn simlene.

Dei siste åra har villreinen i større del tatt i bruk dei nordvestlege område i villreinområdet. Med tanke på klimaendringar kan dette området bli meir verdifullt for villrein i framtida.

Fjord kommune meiner at konsekvensutgreiinga frå Rådgivende Biologer AS (2018) legg til grunn eit for avgrensa influensområde for villrein. Vurderingane tek i for liten grad omsyn til indirekte effektar som forstyrring, arealunngåing og endra arealbruk.

Fjord kommune ønsker å minne om dei nasjonale måla for villreinforvaltninga, der ein legg opp til ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinområdet. Dette inneber ein høg terskel for nye inngrep i villreinen sitt leveområde, jf. Innst. 374 S (2023–2024), Meld. St. 18 (2023–2024) og kvalitetsnorma for villrein (forskrift 23. juni 2020 nr. 1298).

Fjord kommune oppfordrar NVE til å leggje vekt på både direkte og indirekte effektar av tiltaket, samt den samla belastninga på villreinområdet i si vurdering.

Dersom tiltaket får konsesjon bør kraftselskapet påleggast ei årleg innbetaling til villreinfondet.

Auka produksjon og endring i produksjonsprofil gjennom året

Fetvatnet har mindre magasinkapasitet enn det som er årleg tilsig. Ved stor vassføring, typisk under snøsmelting vil ein få overløp, slik at vatnet ikkje kan nyttast i kraftstasjonen ved Heimste Kaldhussætervatnet (K3).

Ved å pumpe vatn over til Viksvatn som har stor magasinkapasitet i høve til årleg nedbør, vil ein kunne utnytte alt vatnet frå Reindalsvatnet til kraftproduksjon. Det vil gå energi med til pumping, men den krafta ein oppnår ved å kunne produsere på alt vatnet er større enn energien som går med til pumping.

Sidan ein oppnår netto auke i årsproduksjon vil Fjord kommune få høgare volum med konsesjonskraft (10% av vinsten).

Tiltaket i Fetegga pumpekraftverk vil i tillegg gje vinst gjennom at ein kan lagre vatnet til vinteren når prisen normalt er høg og ikkje køyre mykje vatn i vårsmeltinga då prisane typisk er låge. Denne vinsten får Fjord kommune ikkje del i.

Fjord kommune mottek kraft etter ein uttaksprofil (mengdeuttak per månad) for alminneleg forbruk. Denne vert ikkje justert av NVE og Fjord kommune vil difor ikkje få noko av denne meirverdien, anna enn gjennom utbytte frå Tafjord kraft.

Ein kunne til og med fått mindre inntekter dersom tiltaket berre har som føremål å auke vinterproduksjonen. Dette tilhøvet er løfta av LVK (Landssamanslutninga for vasskraftkommunar) som ein urimeleg verknad. Når kraftselskapet finn lønsemd i å «flytte vatn» til vintersesongen er det urimeleg at vertskommunen skal tape pengar.

Det kan vere mogleg for kommunen å få til ein «minneleg avtale» om dette direkte med utbygger av kraftverket, men kommunen har ikkje støtte i lovverket og reglane frå NVE.

Ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) fremma nytt forslag til vedtak.

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt forslag - Nytt forslag høringsuttale: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Terese Jemtegård Moen (Sp)

KS- 050/26 Vedtak:

Høringsinnspel – Fjord – Fetegga pumpestasjon – Tafjordvassdraget – Tafjord Kraftproduksjon AS
Med heimel i § 49 i naturmangfaldlova vil Fjord kommune kome med følgjande innspel til søknad om Fetegga pumpestasjon som ligg i Reinheimen – Breheimen villreinområde.

Fjord kommune er positiv til vasskraftutbygging, men vi har samstundes eit arealplanansvar for viktige naturverdiar, herunder villreinen. I området som vert påverka har det over lang tid vore kraftanlegg. Tiltaket er samfunnsnyttig gjennom auka kraftproduksjon og flytting av kraftproduksjon til vintersesongen. Vasskrafta er ei evigvarande energikjelde med særskilt lågt karbonfotavtrykk. Prosjektet vil og gje auka inntekter til kommunen.

Omsyn til villrein

Fjord kommune ber NVE vurdere om opplysningane i søknaden med vedlegg frå Tafjord Kraft AS er tilstrekkelege når det gjeld påverknad på villrein. Villrein har ein svært godt utvikla luktesans og kan oppdage menneske og forstyringar på fleire kilometers avstand, ofte opptil 2–3 km under gunstige vêr- og vindforhold. Anlegget ligg, jf. Naturbase, i område definert som sommar- og haustbeite for villrein, og berre om lag 1 km sør for planlagt anlegg går grensa for kalvingsområde.

I søknaden til Tafjord Kraft står det at Villreinstammen i Reinheimen er robust, har aner tilbake til tamreindrift som vart avvikla på -60 talet og kan opptre ganske nær folk, og så vises det til eit bilete av reinsbukkar på leiting etter friskt vårbeite ved kraftstasjon Tafjord 7, under bygging, i juni 2007. I fylgje sekretær for Reinheimen – Breheimen villreinutval og Statens naturoppsyn i Reinheimen, er villreinen i dag ein god del meir sky enn den var i 2007. Det er dessutan ein kjent sak at bukkane (særleg om våren) kan oppfattast som mindre sky og skvetne enn simlene.

Dei siste åra har villreinen i større del tatt i bruk dei nordvestlege område i villreinområdet. Med tanke på klimaendringar kan dette området bli meir verdifullt for villrein i framtida.

Fjord kommune meiner at konsekvensutgreiinga frå Rådgivende Biologer AS (2018) legg til grunn eit for avgrensa influensområde for villrein. Vurderingane tek i for liten grad omsyn til indirekte effektar som forstyrring, arealunngåing og endra arealbruk.

Fjord kommune ønsker å minne om dei nasjonale måla for villreinforvaltninga, der ein legg opp til ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinområdet. Dette inneber ein høg terskel for nye inngrep i villreinen sitt leveområde, jf. Innst. 374 S (2023–2024), Meld. St. 18 (2023–2024) og kvalitetsnorma for villrein (forskrift 23. juni 2020 nr. 1298).

Fjord kommune oppfordrar NVE til å leggje vekt på både direkte og indirekte effektar av tiltaket, samt den samla belastninga på villreinområdet i si vurdering.

Dersom tiltaket får konsesjon bør kraftselskapet påleggast ei årleg innbetaling til villreinfondet.

Auka produksjon og endring i produksjonsprofil gjennom året

Fetvatnet har mindre magasinkapasitet enn det som er årleg tilsig. Ved stor vassføring, typisk under snøsmelting vil ein få overløp, slik at vatnet ikkje kan nyttast i kraftstasjonen ved Heimste Kaldhussætervatnet (K3).

Ved å pumpe vatn over til Viksvatn som har stor magasinkapasitet i høve til årleg nedbør, vil ein kunne utnytte alt vatnet frå Reindalsvatnet til kraftproduksjon. Det vil gå energi med til pumping, men den krafta ein oppnår ved å kunne produsere på alt vatnet er større enn energien som går med til pumping.

Sidan ein oppnår netto auke i årsproduksjon vil Fjord kommune få høgare volum med konsesjonskraft (10% av vinsten).

Tiltaket i Fetegga pumpekraftverk vil i tillegg gje vinst gjennom at ein kan lagre vatnet til vinteren når prisen normalt er høg og ikkje køyre mykje vatn i vårsmeltinga då prisane typisk er låge. Denne vinsten får Fjord kommune ikkje del i.

Fjord kommune mottok kraft etter ein uttaksprofil (mengdeuttak per månad) for alminneleg forbruk. Denne vert ikkje justert av NVE og Fjord kommune vil difor ikkje få noko av denne meirverdien, anna enn gjennom utbytte frå Tafjord kraft.

Ein kunne til og med fått mindre inntekter dersom tiltaket berre har som føremål å auke vinterproduksjonen. Dette tilhøvet er løfta av LVK (Landssamanslutninga for vasskraftkommunar) som ein urimeleg verknad. Når kraftselskapet finn lønsemd i å «flytte vatn» til vintersesongen er det urimeleg at vertskommunen skal tape pengar.

Det kan vere mogleg for kommunen å få til ein «minneleg avtale» om dette direkte med utbygger av kraftverket, men kommunen har ikkje støtte i lovverket og reglane frå NVE.

051/26: Skjenkeløyve 2026 - Sjøkanten kafe - fast løyve

Kommunedirektøren si innstilling:

Sjøkanten kafe v/Eidsdal Næringsutvikling AS får tildelt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk med inntil 22 volumprosent alkoholinnhald frå vedtaksdato, jf. alkohollova §1-6. Styrar for skjenkeløyvet skal vere Lars Ivar Ytterdal f. 23.09.1962, Per Andre Rønneberg, f. 10.08.1964.

Løyvet gjeld for innandørs skjenking samt for tilhøyrande avgrensa område utandørs som omsøkt.

Nye maksimaltider for skjenking i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Gruppe 1 og 2 (øl og vin): kl. 10.00 – 02.00 Like tider for både for innandørs og utandørs skjenking. Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningslinjer med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår – prikkssystemet. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Representantar Ester Vinje Nilsen (H) og Anders Jørgen Gjerde (Sp) tok sete i møte igjen. 19 voterande til stades.

Robert Bergerud (H) tok opp spørsmålet sitt om sin habilitet. Han er dagleg leiar for Sjøkanten Kafe og styreformann i Eidsdal Næringsutvikling AS som står bak drift av kafeen.

Robert Bergerud (H) gjekk frå møte før behandling av habilitetsspørsmålet.

Det vart røysta over habilitetsspørsmålet (18 voterande til stades): Robert Bergerud (H) vart samrøystes kjent inhabil.

Vararepresentant Jan Ole Strand (H) tok sete i møte. 19 Voterande til stades.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 051/26 Vedtak:

Sjøkanten kafe v/Eidsdal Næringsutvikling AS får tildelt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk med inntil 22 volumprosent alkoholinnhold frå vedtaksdato, jf. alkohollova §1-6. Styrar for skjenkeløyvet skal vere Lars Ivar Ytterdal f. 23.09.1962, Per Andre Rønneberg, f. 10.08.1964.

Løyvet gjeld for innandørs skjenking samt for tilhøyrande avgrensa område utandørs som omsøkt.

Nye maksimaltider for skjenking i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Gruppe 1 og 2 (øl og vin): kl. 10.00 – 02.00 Like tider for både for innandørs og utandørs skjenking. Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningslinjer med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår – prikkssystemet. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

052/26: Søknad om varig fritak frå folkevalde verv

Kommunedirektøren si innstilling:

Jens Einar Akksestad vert gitt varig fritak frå alle folkevalde verv gjeldande frå 1. juli 2026. Olav Løvull vert fast medlem i kommunestyret, vara rykker opp tilsvarande. Dei partia som samarbeidde om listeforslag i formannskap med Ap må velje nytt fast medlem i formannskapet.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Nytt forslag til vedtak med tillegg til vedtak vedr. ny fellesliste til formannskapet for Fjord Ap, Sp og SV, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

Jens Einar Akksestad vert gitt varig fritak frå alle folkevalde verv gjeldande frå 1. juli 2026. Olav Løvull vert fast medlem i kommunestyret, vara rykker opp tilsvarande. Dei partia som samarbeidde om listeforslag i formannskap med Ap må velje nytt fast medlem i formannskapet.

Tillegg til vedtak:

Partia Sp og SV, som samarbeidde om listeforslag i formannskapet med Ap, har gjort følgjande val for ny fellesliste gjeldande frå 01.07.26:

Medlemar:

1. Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet
2. **Lars Kristian Øvrebust, Senterpartiet – opprykk (tar over plassen til Jens Einar Aklestad (Ap) som ny kandidat nr. 2 på felleslista).**
3. Dagrun Agnes Vikesland, Sosialistisk Venstreparti
4. **Nina Hauglid, Arbeidarpartiet – nytt fast medlem**

Varamedlemar:

1. Håkon Myklebust, Senterpartiet
2. Vemund Audunsson Waldal, Sosialistisk Venstreparti
3. **Britt-Ingunn Tafjord Walle, Senterpartiet - opprykk**
4. **Marius Høihjelle, Senterpartiet - opprykk**
5. **Annette Langdal, Senterpartiet - opprykk**
6. **Olav Løvull, Arbeidarpartiet – nytt varamedlem**

Vararepresentant Jan Ole Strand (H) gjekk frå møte. Robert Bergerud (H) tok sete i møte igjen.19
Voterande til stades.

På vegne av partia Sp, SV, som samarbeidde om listeforslag til formannskapet med Ap, fremma
ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) forslag til ny fellesliste for formannskapet gjeldande frå
01.07.26, som vedlegg til vedtak.

Saka vart drøfta.

Espen Heitmann (Frp) lurte på om varaordføraren ikkje skulle fråtre umiddelbart. Jens Einar Aklestad
(Ap) spurte om administrasjonen kunne redegjøre for saksutgreiinga. Kommunedirektøren svarte ut
spørsmåla.

Det vart halde gruppemøte.

Espen Heitmann (Frp) fremma forslag om å utsette saka.

Det vart røysta over utsettingsforslag frå Fjord Frp:

16 røysta mot utsetting

3 røysta for utsetting

Så vart det nye forslaget frå Fjord Sp, SV og Ap tatt opp til votering.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Nytt forslag til vedtak med tillegg til vedtak vedr. ny fellesliste til
formannskapet for Fjord Ap, Sp og SV**

Terese Jemtegård Moen (Sp), Andre partier: AP, Sp, SV

For: 17 stemmer (89%) - AP 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 2 stemmer (11%) - Frp 2

KS- 052/26 Vedtak:

Jens Einar Aklestad vert gitt varig fritak frå alle folkevalde verv gjeldande frå 1. juli 2026. Olav Løvoll
vert fast medlem i kommunestyret, vara rykker opp tilsvarande. Dei partia som samarbeidde om
listeforslag i formannskap med Ap må velje nytt fast medlem i formannskapet.

Tillegg til vedtak:

Partia Sp og SV, som samarbeidde om listeforslag i formannskapet med Ap, har gjort følgjande val for
ny fellesliste gjeldande frå 01.07.26:

Medlemar:

1. Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

2. **Lars Kristian Øvrebust, Senterpartiet – opprykk (tar over plassen til Jens Einar Aklestad (Ap) som
ny kandidat nr. 2 på felleslista).**

3. Dagrun Agnes Vikesland, Sosialistisk Venstreparti

4. **Nina Hauglid, Arbeidarpartiet – nytt fast medlem**

Varamedlemar:

1. Håkon Myklebust, Senterpartiet

2. Vemund Audunsson Waldal, Sosialistisk Venstreparti

3. **Britt-Ingunn Tafjord Walle, Senterpartiet - opprykk**

4. **Marius Høihjelle, Senterpartiet - opprykk**

5. **Annette Langdal, Senterpartiet - opprykk**

6. **Olav Løvoll, Arbeidarpartiet – nytt varamedlem**

053/26: Val av ny varaordfører ut kommunestyreperioden 2023-2027

Kommunedirektøren si innstilling:

Som ny varaordfører frå 01.07.2026 og ut perioden 2023-2027 vel kommunestyret:

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Nytt framlegg til vedtak, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

Som ny varaordfører frå 01.07.2026 og ut perioden 2023-2027 vel kommunestyret: Lars Kristian Øvrebust (Sp)

Saka er lagt fram utan innstilling.

På vegne av Fjord Sp, Fjord SV og Fjord Ap fremma ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) forslag på Lars Kristian Øvrebust (Sp) som ny varaordfører.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Nytt framlegg til vedtak**

Terese Jemtegård Moen (Sp), Andre partier: AP, Sp, SV

For: 18 stemmer (95%) - AP 2, Frp 1, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 1 stemme (5%) - Frp 1

KS- 053/26 Vedtak:

Som ny varaordfører frå 01.07.2026 og ut perioden 2023-2027 vel kommunestyret: Lars Kristian Øvrebust (Sp).

054/26: Ny varaordfører - val av kandidat til roller i utval ut kommunestyreperioden 2023-2027

Valnemnda si innstilling:

Ny varaordfører - val av kandidat til roller i utval ut kommunestyreperioden 2023-2027:

Utval	Rolle	Ny kandidat
Valstyre	Nestleiar (varaordfører)	
* Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og * Styret i Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv	Varamedlem 2x	
Styremedlem i Åknes-Tafjord IKS	Varamedlem	
PSU (Partsamansett utval) / Administrasjonsutval	Arbeidsgjevarrepresentant nr. 3	
Val av representanter til nasjonalpark- og Verneområdestyrer –	Varamedlem 2x	

* Reinheimen nasjonalparkstyre * Geiranger-Herdalen landskapsvernområdestyre		
Representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	Varamedlem	
Representant til ressursgruppa for Fjord frivilligsentrala	Personleg vara for ordførar	
Representantskap i kommunalt oppgåvefellesskap mot akutt forureining Sunnmøre (Sunnmøre IUA)	Vararepresentant	
Sunnmøre regionråd IPR	Medlem representantskapet	

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Valnemnda si innstilling, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

Valnemnda si innstilling til kandidat i dei politiske verva som noverande varaordførar Jens Einar Aklestad har pr i dag.

Utval	Rolle	Valnemnda si innstilling:
Valstyre	Nestleiar (varaordførar)	Lars Kristian Øvrebust
Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og i styret i Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv	Varamedlem 2x	Lars Kristian Øvrebust
Styremedlem i Åknes-Tafjord IKS	Varamedlem	Lars Kristian Øvrebust
PSU (Partsamansett utval) / Administrasjonsutval	Arbeidsgjevarrepresentant nr. 3	Lars Kristian Øvrebust
Val av representanter til nasjonalpark- og Verneområdestyrer – * Reinheimen nasjonalparkstyre * Geiranger-Herdalen landskapsvernområdestyre	Vara	Lars Kristian Øvrebust
Representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	Vara	Lars Kristian Øvrebust
Representant til ressursgruppa for Fjord frivilligsentrala	Personleg vara for ordførar	Lars Kristian Øvrebust
Representantskap i kommunalt oppgåvefellesskap mot akutt forureining Sunnmøre (Sunnmøre IUA)	Vararepresentant	Lars Kristian Øvrebust

Sunnmøre regionråd IPR	Medlem representantskapet til Sunnmøre Regionråd IPR	Lars Kristian Øvrebust
------------------------	---	---------------------------

Ordføreren Terese Jemtegård Moen (Sp) la fram Valnemnda si innstilling.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Valnemnda si innstilling**

Terese Jemtegård Moen (Sp)

For: 18 stemmer (95%) - AP 2, Frp 1, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 1 stemme (5%) - Frp 1

KS- 054/26 Vedtak:

Valnemnda si innstilling til kandidat i dei politiske verva som noverande varaordfører Jens Einar Aklestad har pr i dag.

Utval	Rolle	Valnemnda si innstilling:
Valstyre	Nestleiar (varaordfører)	Lars Kristian Øvrebust
Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og i styret i Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv	Varamedlem 2x	Lars Kristian Øvrebust
Styremedlem i Åknes-Tafjord IKS	Varamedlem	Lars Kristian Øvrebust
PSU (Partsamansett utval) / Administrasjonsutval	Arbeidsgjevarrepresentant nr. 3	Lars Kristian Øvrebust
Val av representantar til nasjonalpark- og Verneområdestyrer – * Reinheimen nasjonalparkstyre * Geiranger-Herdalen landskapsvernområdestyre	Vara	Lars Kristian Øvrebust
Representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	Vara	Lars Kristian Øvrebust
Representant til ressursgruppa for Fjord frivilligsentrala	Personleg vara for ordfører	Lars Kristian Øvrebust
Representantskap i kommunalt oppgåvefellesskap mot akutt forureining Sunnmøre (Sunnmøre IUA)	Vararepresentant	Lars Kristian Øvrebust
Sunnmøre regionråd IPR	Medlem representantskapet til Sunnmøre Regionråd IPR	Lars Kristian Øvrebust

055/26: Suppleringsval av varamedlemmar frå Fjord SV til kommunestyret i inneverande periode

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret vel følgjande nye varamedlemmar frå Fjord SV til kommunestyret i inneverande periode:

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Forslag til vedtak, foreslått av Nils Johan Myren Døving, Sosialistisk venstreparti
Fjord SV ønsker at nye varafolk skal vere dei neste på lista etter valopgjeret i 2023. Desse er, i rekkefølge, Mette Karin Natland Valdal og Karl Otto Henriksen. Begge kandidatar er førespurt og har akseptert.

Nils Johan Myren Døving (Fjord SV) fremma forslag til nye varamedlemmar frå Fjord SV til kommunestyret i inneverande periode.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Forslag til vedtak**

Nils Johan Myren Døving (SV)

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 055/26 Vedtak:

Fjord SV ønsker at nye varafolk skal vere dei neste på lista etter valopgjeret i 2023. Desse er, i rekkefølge, Mette Karin Natland Valdal og Karl Otto Henriksen. Begge kandidatar er førespurt og har akseptert.

056/26: Suppleringsval til Viltutvalet for inneverande periode

Valnemnda si innstilling:

Nytt medlem i Viltutvalet for resten av valperioden:

Siv Elin Bjørstad

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) la fram Valnemnda si innstilling.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 056/26 Vedtak:

Valnemnda si innstilling:

Nytt medlem i Viltutvalet for resten av valperioden:

057/26: Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 057/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering.

058/26: Innspel frå Fjord kommune - tiltak i investeringsprogram

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret i Fjord kommune ber Møre og Romsdal fylkeskommune om å prioritere tiltak på fylkesveg 650; Visethammeren, Vaksvikbrua og Kleiva/Vestre, samt fylkesveg 522 Giskemo med påkoplingsramper til E39 både nordover og sørover. Det vert oppmoda om at fylkeskommunen snarast set av midlar til tiltak i investeringsprogram.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Tilleggssak ettersendt per e-post 15.06.26.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 058/26 Vedtak:

Kommunestyret i Fjord kommune ber Møre og Romsdal fylkeskommune om å prioritere tiltak på fylkesveg 650; Visethammeren, Vaksvikbrua og Kleiva/Vestre, samt fylkesveg 522 Giskemo med

påkopplingsramper til E39 både nordover og sørover. Det vert oppmoda om at fylkeskommunen snarast set av midlar til tiltak i investeringsprogram.

059/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Kommunestyret 18.06.2026:

Behandling:

Tilleggssak ettersendt per e-post 15.06.26.

Underliggende orienteringssak OS 013/26 Fjerning av lovfestede kompetansekrav gjeld uttale frå Rådet for personar med funksjonsnedsetting (RFUN) til kommunestyret.

Underliggende orienteringssak OS 014/26 Status politiske vedtak Kommunestyret 2025:

Kommunedirektøren gav ei orientering i saka i starten av møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 059/26 Vedtak:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.